



Jan Henrik Hansen syner fram den overbygde informasjonsveggen i Båthamna.

**Det er stending forbetringar i Uskedal Båtlag sin hamn. Det siste er levegg og tak over det som er plassen for plakatar og informasjon. Arbeidet er gjort på dugnad av Joachim Ekeland, snikkar i Lio Sag og Treforedling. Materialkostnader er dekket av Båtlaget.**

Med dette arbeidet vil Båtlaget få ein godt brukande informasjonsvegg. Her er boksar der båtgjester finn skjema for registrering, plass for å leggja att betalings skjema i tillegg til vanleg postboks. Bakveggen og leveggen skal målast og det kjem spottar/ utelys.

Mange båtgjester set pris på god og fylld informasjon om hamna, kulturtilbodet og bygda. Kart over sentrum, næringsområde og fjellet er viktig. Informasjon om andre tenestetilbod i sentrum må koma klart fram.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal